Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bö.

Emne: Ymse attåtfor.

Bygdelag:

Oppskr. av: Johan Sivertsen

Gard: Steine.

(adresse): Bö i Vesterålen.

G.nr. 17. Br.nr. 11.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.

Av rötter har her vorre sanka bregnerrötter (blom). Brukes ikkje no, og ikkje under siste verdskrieg. Motte sankes inn om hausten för telen kom i jöra. Veit ikkje ka tid det var slutt med det, men har vorre brukt i löpet av dei siste 70 åra. Rötter av bregner kaltes for moldfor. Var nokre rötter som kaltes blindfor og er giftig for dyra. Denne er skarpe av utsjåna. Det verkelige er runde lange rötter som er grön, og söt på smak. Ka bregnesort desse forskjelige rötter var under er visstnok ukjendt. Då eg ikkje trur folk her admindeleg har greie på dei forskjelige bregne-sorter. Med oppbevaring av den har her vorre brukt å stable den i haug oppe i marka. Og så dradd den heim på vinterföre. Hakkes så sund til kyrne. Var rekna som godt for. Ikkje nödfor, men godt attåtfor.

2486

2. a. Tang har vorre mykje brukt i vår bygd. var årvisst attåtfor. Var brukt i forige verdskrig. Har nok også vorre brukt under siste verdskrig, og tildels enno på sine plassar. Sankes heldst om vinteren. Gjerne heile vinteren. Den skares admindeleg med stor bordkniv. Fraktes i sekker på kjelke, og kunne også kjøre etter. Aldt etter som hövan var. Blei heldst ~~slått~~ varmt vann over, saman med fiskeavfall (moll) og gjerne mel. Var anset som godt attåtfor til kyr og sau.

b. Tare sankes heldst om våren. Motte sankes med fjæra og roleg sjö. Til redskap sörte mann ein småljå til eit langt skaft og skar frå båt, under vatn, og blei såleis admindeleg frakta med båt. Brukte heldst å la den ligge å gjære ei tid, og reknes då for godt fór til kyr og saue. Kunne reknes bedtre enn tang fordi ein ikkje brukte blande den med fiskeavfall e. l. var heldst sanka i dårlege forår.

4. Hestemökk har neppe vorre brukt her.

5. Sörpefor brukes neppe no. Må i allefall være lite. Men har vorre brukt her för. Den var kokt i stor gryte i gruve. Seinare på komfyr. Og gir den til dyra


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

i bøtte. Den koktes altså over ilden.
Rognebær har visst ikkje vorre nytta
her. Har vorre brukt å gi kreaturane
rogneknister. Kalles „Brom".

6. Fiskeavfall har vorre nytta årvisst
her som godt attåtfor. Og er fram-
leis nytta, men i mindre grad.
Fiskeavfall er admindeleg kokt (løypp).
Kokt fiskeavfall slaes saman med
tang. Det er kokt fiskeavfall som
kalles „moll" eller „løypp." Når den
ikkje blir slått på tang får dyra
den saman med med krafta.
Ferrsk fisk med avfall brukes også
til løypp. Løyppet kokes i kjøkken
eller i eldhus. Fiskeavfall kan ikkje
være hovudmassen av foret, men
eit viktig attåtfor. Dyra får eit
mål for dag av dette. I gamle
dagar hente det att dyra fekk
to gonger om dag. Var brukt mykje
ris, såsom før nevnt brom til
dyra. Mengden av fiskeavfall
var nesten ei bøtte med omlag
tre fiskehovud med so. Fiskeav-
fall med tang var vel omlag
ei bøtte. Såsom det kann brukes
admindeleg.

Oppskrifta er etter far og mors
røynsle. Litt frå ein gamal nabo,
om moldfor.

2486

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING